



FLORA
KOMMUNE

MOTTATT 27 OKT 2005

Det kgl. Justis- og Politidepartement
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

RÅDMANNEN

JUSTISDEPARTEMENTET	
28 OKT 2005	
SAKSNR.:	200504026
AVD/KONT/BEH:	LOV/FO/HI
DOK.NR.	20
ARKIVKODE:	

Vår ref.
05/877-4/K1-006, K3-&13//SVJI


Dykkar ref.

Dato:
Florø: 24.10.2005

HØRING - NOU 2005: 8 LIKEVERD OG TILGJENGELIGHET

Vedlagt følger høringsuttale frå Flora kommune vedteken i Flora bystyre 18.10.2005.

Med helsing


Sverre Jan Indredavik
kommunalsjef

Vedlegg: Sak 083/05 i Flora bystyre

Postadr.:
Postboks 13
6901 FLORØ

Besøksadr:
Strandgata 30

Telefon / faks:
57 75 60 00 /
57 75 68 80

Bankgiro:
3775 07 09002

E post:
postmottak@flora.kommune.no
Org.nr: 935 473 578 MVA



Saksgang

Helse- og sosialutvalet
Bystyret

Møtedato

04.10.2005
18.10.2005

Saksnr.

038/05
083/05

Sakshandsamar:

Sverre Jan Indredavik

Arkiv: K1-006, K3-&13

Objekt:

Arkivsaknr

05/877

HØYRING: NOU 2005: 8 LIKEVERD OG TILGJENGELIGHET

Kva saka gjeld:

Høyringsuttale til NOU 2005:8 – ”Likeverd og tilgjengelighet.”

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora kommune stiller seg positiv til at personar med nedsett funksjonsevne vert sikra eit rettsvern, men vil tilrå at det vert utarbeidd eit felles lovforslag mot diskriminering generelt/på alle område og samordna med gjeldande diskrimineringsreglar i eksisterande lovverk.

Uavhengig av dette må det vere ein føresetnad at staten kompenserer kommunane fullt ut for dei meirkostnader som det framlagde lovforslaget representerer knytt til ei utviding av pliktmessige ytingar etter sosialtenestelova.

18.10.2005 BYSTYRET

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYST-083/05 VEDTAK:

Flora kommune stiller seg positiv til at personar med nedsett funksjonsevne vert sikra eit rettsvern, men vil tilrå at det vert utarbeidd eit felles lovforslag mot diskriminering generelt/på alle område og samordna med gjeldande diskrimineringsreglar i eksisterande lovverk.

Uavhengig av dette må det vere ein føresetnad at staten kompenserer kommunane fullt ut for dei meirkostnader som det framlagde lovforslaget representerer knytt til ei utviding av pliktmessige ytingar etter sosialtenestelova.

04.10.2005 HELSE- OG SOSIALUTVALET

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

HSUT-038/05 VEDTAK:

Flora kommune stiller seg positiv til at personar med nedsett funksjonsevne vert sikra eit rettsvern, men vil tilrå at det vert utarbeidd eit felles lovforslag mot diskriminering generelt/på alle område og samordna med gjeldande diskrimineringsreglar i eksisterande lovverk.

Uavhengig av dette må det vere ein føresetnad at staten kompenserer kommunane fullt ut for dei meirkostnader som det framlagde lovforslaget representerer knytt til ei utviding av pliktmessige ytingar etter sosialtenestelova.

Fredrik W. Gulbranson
rådmann

Innleiing:

I utgreiinga NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet ligg det forslag om ei eiga lov om forbod mot diskriminering av personar på grunnlag av nedsett funksjonsevne ("diskriminerings- og tilgjengelighetsloven"), i tillegg til ei rekke endringar i andre lover;- plan- og bygningslova, sosialtenestelova og arbeidsmiljølova.

Vurdering:

Det regjeringsoppnemnde utvalet meiner at det er trong for diskrimineringslovgjeving for å styrkje likeverdet til menneske med nedsett funksjonsevne. Føremålet med lova skal vere å sikre likeverd og å fremje like moglegheiter for deltaking i samfunnet for alle, uavhengig av funksjonsevne, og å hindre diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Lova skal vidare bidra til nedbygging av såkalla "samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer", og hindre at det vert skap nye.

Sentrale punkt i det nye lovforslaget er:

- **Forbod mot diskriminering og trakassering.**
Lovforbod mot direkte og indirekte diskriminering og trakassering på grunn av nedsett funksjonsevne, med suppleringsregel som pålegg arbeidsgjevar og leing i organisasjonar eller utdanningsinstitusjonar å førebygge og hindre at det skjer trakassering innafor sine ansvarsområde.
- **Pålegg om aktivitetsplikt knytt til lova sitt formål etter mønster frå likestillingslova.**
Offentlege styresmakter, organisasjonane i arbeidslivet, arbeidsgjevarar i offentleg og privat sektor vert pålagt ei aktivitetsplikt knytt til formålsparagrafen, men ikkje pålagt utgreiingsplikt i årsmeldingssamanheng.
- **Plikt til særskilde opplysningar i tilsetjingssaker.**
Utvida opplysningsplikt i tilsetjingssaker slik at ein søkjar som meiner seg forbigått kan krevje at arbeidsgjevaren skriftleg gjev visse opplysningar om kvalifikasjonane til den som vart tilsett.
- **Plikt til tilrettelegging og universell utforming av bygg.**
Lovfesta plikt til generell og individuell tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne.
Sikring av individuell tilrettelegging innafor arbeidslivet, skule- og utdanningsinstitusjonar, barnehage og av offentlege tenestetilbod av varig karakter for den einskilde
Plikt til universell utforming av bygg, anlegg og opparbeidde uteområde innan nærare fastsette fristar for offentleg verksemd og private verksemder som er retta mot ålmenta så langt dette ikkje medfører uforholdsmessig byrde.
Brot på denne plikta vert rekna som diskriminering.
- **Endringar i eksisterande lover.**
Endringar i andre lover som bygger opp under det nye lovforslaget:
Utviding av kommunen pliktmessige ytingar etter sosiallova § 4-2.
Endra formålsparagraf i plan- og bygningslova § 2.
Henvisningsparagraf i Arbeidsmiljølova § § 54 B og bustadlovgjevinga sine diskrimineringsreglar, og oppheving av same lov § 54 F.

Ei rekke eksisterande lover gjev diskrimineringsvern som t d arbeidsmiljølova og bustadlovgevinga som nemnt ovanfor. Utvalet tilrår at det vert sett ned eit eige lovutval for å vurdere ei felles lov mot diskriminering på alle område , - ikkje berre på grunnlag av nedsett funksjonsevne.

Utvalet peikar på at det vanskeleg let seg gjere å føreslå eit lovfesta vern mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne som ikkje medfører auka ressursbruk. Utvalet finn det vanskeleg å talfeste dette, men drøftar særskilt dei økonomiske konsekvensane av forslaget om tilretteleggingsplikt. Utvalet er klar på at spesielt plikta til universell utforming av bygg m v vil innebere meirkostnader.

Vidare, vil handhevinga av lova tillagt eit føreslege likestillings- og diskrimineringsapparat (ombud og sekretariat), generere administrative kostnader.

Utvalet konkluderer med at dei økonomiske konsekvensane av forslaget om utviding av kommunen pliktmessige ytingar etter sosialtenestlova vil vere moderate.

Forslag til endring i sosialtenestelova gjeld ei utviding av opprekninga i § 4-2 om kva tenester kommunen er pliktige å tilby og som brukar kan gjere krav på:

For det fyrste er det føreslege å lovfesta ordning med personleg assistanse som er tilpassa dei som sjølv ikkje kan utøve full brukarstyring.

Vidare, er føreslege ei plikt for kommunen å tilby dagaktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne som ikkje kan delta i arbeidslivet.

Rådmannen deler ikkje fleirtalet i utvalet på at dette berre representerer moderate meirkostnader for kommunane, og vil legge til grunn at staten dekkar dette fullt ut gjennom inntektssystemet, eller ved særskilte løyvingar etter fastsette kriterier slik tilfellet er for ei rekke andre føremål. I motsett fall vil dette kunne gå på kostnad av tilsvarende tilbod i kommunen.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	14.06.2005	Det kgl. Barne- og Familedepartement	Høring. Forskrift om organisasjon og virksomhet for Likestillings- og diskrimineringsombudet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda, samt endringer i påtaleinstruksen kap. 5	
2	I	07.07.2005	Det kgl. Justis- og Politidepartement	Høring - NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet	